



Bygghuset Mjåtveit 3 AS
Moldekleivmarka 69A
5919 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/516 - 19/4887

Saksbehandlar:

Anngunn Marie Gullbrå

anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:

01.03.2019

Godkjenning av seksjonering GBNR 22/259

Administrativt vedtak. Saknr: 48/2019

Saksutgreiing:

Vi syner til søknad om seksjonering, registrert inn til Meland kommune 22.02.2019.

På eigedommen gbnr 22/259 er det sett opp forretningbygg med 4 ulike forretningsareal. Alle forretningsareala har eiga ytre inngangsdør og har nyleg fått tildelt kvar si offisielle adresse, Rosslandsvegen 364 A-D.

Det er tilleggsareal B til seksjon 2, 3 og 4. Dette er knytt til felles inngangsparti og trapperom/ heis opp til 2. etasjeplanet. I tillegg har seksjon 2 eit tilleggsareal i form av eit rom på utsida av sin seksjon med inngang frå fellesarealet i 2. etasjen av trapperommet.

Alt areal på eigedommen utanfor bygningskroppen vert registrert som fellesareal i matrikkelen. Jf eierseksjonslova §25 kan det avtalast bruk av uteareala i form av vedtekter med kartvedlegg. Vedtektene skal ikkje godkjennast av kommunen.

Det er utarbeidd og lagt ved vedtekter for sameiget Bygghuset Mjåtveit 1-4AS - gnr 22, bnr 259 i Meland kommune.

Vurdering:

Søknaden er i 3 eksemplar og har fylgjande vedlegg:

- Situasjonsplan som tydeleg viser eigedomsgrenser og plassering av forretningsbygg. Kommunen lagar nytt kart som også viser plassering av dei adresserte inngangane.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

- Planteikningar av forretningsbygget med 2 plan, der seksjonsnummera og type rom er påskrive. Kommunen har påført T2 for tilleggsareal til S2 i 2. etasjen v /trapperom.
- Vedtekter for sameiet Bygghuset Mjåtveit 1-4- gnr 22, bnr 259 i Meland kommune , som oppfyller minstekravet til slike vedtekter.
- Samtykk til seksjonering frå Nordea Bank AS
- Fullmakt frå eigarar av Bygghuset Mjåtveit 1 AS, 2 AS og 4 AS til eigar av Bygghuset Mjåtveit 3 AS til å søkje om seksjonering på vegne av alle, samt til å bruke adv Alexander Danielsen vedr søknaden.
- Søknaden er sendt inn av Advokat, men signert av Stian Gripsgård efm.
- Skjema for fordeling av sameieandeler ved seksjonering. Her er berre det eine skjemaet fullstendig signert av alle med signaturrett. Ein attestert kopi vert difor lagt ved som gjenpart til tinglysing.

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.

Vedtak

Meland kommune godkjenner, i medhald av §13 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, søknad om oppdeling i 4 eigarseksjonar for sameiget Bygghuset Mjåtveit 1-4AS - gnr 22, bnr 259 i Meland kommune, på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonskart, planteikningar og vedtekter.

Seksjonane 1-4 er næringsseksjonar der seksjon nr 1 har sameigebrøken 5/10, seksjon 2 har sameigebrøken 2/10, seksjon 3 har sameigebrøken 2/10 og seksjon 4 har sameigebrøken 1/10. Dei ulike seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre med etasjeskille og veggar mellom einingane. Seksjon 2-4 har tilleggsareal B, som utgjør felles inngangsparti med trapperom/heis til 2. etasje. Seksjon 2 har i tillegg eit tilleggsareal B med inngang frå felles trapperom i 2. etasje.

Utearealet på eigedommen er registrert som fellesareal i matrikkelen.

Seksjoneringa av eigedommen gbnr 22/259 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Eigarseksjonslova §§ 16 og 17.

Klage:

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf Kommuneloven §23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl, §27b.

Gebyr:

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar. Etter Meland kommune sitt gebyrregulativ for handsaming etter Lov om eigarseksjonar pkt 14.1.1 er gebyret for 4 seksjonar kr 7300,- + tinglysingsgebyr kr 525,-

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

22_259 Søknad om seksjonering
22_259_kartvedlegg seksjonering
22_259 planteikningar

Mottakere:

Bygghuset Mjåtveit 1 AS	c/o Arne Rossnes Vestbygdvegen 129	5919	FREKHAUG
Bygghuset Mjåtveit 2 AS	Rosslandsvegen 364	5918	FREKHAUG
Bygghuset Mjåtveit 3 AS	Moldekleivmarka 69A	5919	FREKHAUG
Bygghuset Mjåtveit 4 AS	Mjåtveitflaten 1A	5918	FREKHAUG